

Saksnr/Løpenr: 2010/779-8206/2010  
Klassering: D34

# Parkplan Steinkjer.

---

## Innhald

Forord.....	2
Innleiing .....	2
Bakgrunn.....	3
Planens tidsavgrensing.....	3
Planens geografiske avgrensing.....	3
TILSTAND OG UTVIKLING .....	4
Parkstruktur.....	4
Innkomne forslag.....	13
Mannskap Park, idrett og friluftsliv pr.01.09.10.....	14
Maskiner og utstyr.....	14
Oppgaver.....	14
NYETABLERINGAR .....	17
Parkstruktur.....	17
Friluftsområder.....	21
Turstiar.....	21
Tre.....	22
Urner, plantekassar, benkar og møblering elles.....	22
Engasjement i distriktet.....	22
Mannskap, maskiner og utstyr.....	22
MÅLSETJING.....	23
PRIORITERINGAR .....	23
Trykte vedlegg : Kart 1 og kart2 .....	23
Ikkje trykte vedlegg : Innkomne forslag finnes på Ephorte 10/779 .....	23

## Forord.

Dette dokumentet er eit nybrottsarbeid. Det er difor temmeleg sikkert at det vil ha eit stort potensiale for forbedringar. Likevel trur vi at planen er eit tenleg dokument for å vurdere kva for satsing Steinkjer kommune skal gjera i si prioritering for park. Planen må ikkje fungera ekskluderande på ein måte som gjer at gode idear og forslag på tiltak blir hindra av at dei ikkje konkret er nemnde i planen.

I dokumentet blir bygartaren med sine folk kalla Park av praktiske årsaker.

Steinkjer 18.02.2011

Finn Rossing  
Bygartnar  
Avd. for kommt. tjenester

Lars-Eirik Havdal  
Landskapsarkitekt  
Avd. plan og natur.

## Innleiing

Historisk har parkar vore knytte til rikdom og makt, dei har vore innslag i omgjevnadane til fyrstar. Etter kvart har dei utvikla seg til å bli naudsynte delar av bystrukturen for å gje byane estetiske løft. I den industrialiserte perioden er dei vortne viktige som friluftsområdar, rett og slett for å gjera byane levelege for folk som skal bu i byane og arbeide i industrien eller tenestenæringane. Såleis tener parkane etter kvart mange føremål, dei er estetiske element, gjev friskt luft til byane, legg til rette for friluftaktivitetar, møteplassar, ro og kontemplasjon, naturopplevingar, og gode parkar kan dermed og vera eit "salsargument" for å få nyetableringar og tilflytting til byen. Eit anna poeng med parkar er at dei har så stor innverknad på helsa tilfolk. Lenge har ein vore klar over kor viktig det er med frisk luft, men det viser seg at rett og slett synet av levande planter kring seg, har helsebringande effekt, sjuke frisknar fortare, og det estetiske aspektet har temmeleg sikkert ein positiv psykisk verknad.

Steinkjer by har fleire fine parkar. Ein kan nemne Jarnbaneparken, Rådhusparken, Rismelen, Gammelheimsparken, Dampsagaparken. Det er og nokre fine plassar med innslag av grønt som vel ikkje blir oppfatta som parkar, som til dømes Rosenvinges plass og Hundtorget. Høgskuleparken kan og nemnast sjølv om han ikkje er ein kommunal park. Men det som Steinkjer er meir prega av, er at byen ligg flott til i terrenget, som eit atrium med utsikt over fjorden framfor seg. Til og med i det ein kan definere som byen, er det innslag av naturområdar. Elva, Furuskogen, Eggevammen og litt fjernare, Løsberga og Offenåsen. Løsberga er til dels endra, men er framleis eit vesentleg naturelement. Dessutan er det kome til eit naturlikt grønt område langs fjorden på Nordsileiret. Strekkjer vi sentrum litt lenger, kan vi inkludere Paradisbukta i denne samanhengen.

Desse fine omgjevnadane har kanskje vore ei "sovepute" når det gjeld å etablere ein god parkstruktur og eit solid apparat for parkvedlikehald. Det har liksom ikkje vore så naudsynt, men folk har endra seg, litt mindre søndagsturar i fjell og mark, fleire folk som oppheld seg berre heime eller i nærområda. I moderne tid verkar det som om alt skal vera lettvinnt, snøgt og konsentrert. Ein park er på ein måte eit forsøk på å konsentrere det fine og edle ved naturen. Det viser seg at det er ønskje om friserte parkar ikkje berre i byane. Den urbane kulturpåverknaden er sterk. Det kan verka som om det er unaturleg ikkje å ha urbane omgjevnadar. I dag er det krav om parkar utanfor bystrok og.

## **Bakgrunn.**

Frå politisk hald har det vore etterlyst ein oversikt over kommunen sitt parkengasjement og korleis dette arbeidet skal førast vidare. I dag er det ingen strategi for korleis parkarbeidet skal gjerast, kor mykje arbeid som bør gjerast eller kor mykje det er rimeleg å ta på seg. Ved utbygging av nye vegar, bustadfelt og andre utbyggingsprosjekt blir det stadig nye parkmessige areal der kommunen får ansvar. Dessutan aukar rettmessige krav frå distriktet om parkmessig kommunalt engasjement. Alle desse spørsmåla er naturleg nok knytte til midlar og menneskap.

Kommunalt engasjement har tre budsjettmessige funksjonar: Investeringar, drift og vedlikehald. Når det gjeld parkar er det naturleg å skilje ut investeringar, men når det gjeld drift og vedlikehald, er desse funksjonane vevd så inn i kvarandre at dei i dette dokumentet blir vurderte under eitt. Rein drift kan gå på drift av lyssetting, fontener og tømning av søppel, eventuell snørydding osv. Når det gjeld handtering av parkmessig vegetasjon, vil til dømes ugrasluking eller plenklipping kunne vurderast som drift, men i minst like stor grad må det vurderast som vedlikehaldsarbeid.

For å kunne vurdere menneskapsstyrke, budsjett og vurdere kva ein kan ta på seg av oppgåver, er det særst avgjerande å få avklart geografisk og funksjonell avgrensing. Dette er vanskeleg da ein i utgangspunktet ønskjer å gjera alle områda kring seg så tiltalende som mogleg.

## **Planens tidsavgrensing.**

Planen skal gjelde for perioden 2011 – 2014. Det vil seie at hovudrullering skal gjerast i løpet av 2014, så ny plan skal gjelde perioden 2015 – 2018. I praksis vil arbeidet med å komplettere delar av plandokumentet gå føre seg kontinuerleg. Som det vil gå fram av dokumentet, er alle dei registreringane og oversiktane som er tenlege, ikkje fylte ut. Etter kvart som naudsynte data blir samla inn, skal dei inn i dokumentet.

## **Planens geografiske avgrensing.**

Planen skal søke å utvikle dei parkmessige kvalitetane i heile kommunen, men tradisjonelt er ideen om ein park knytt til tanken om at også bybuarane treng grøne omgjevningar. Difor er det naturleg at hovudfokus vil vera Steinkjer sentrum. Det er dermed naturleg først og fremst å konsentrera seg om dei gamle bydelane Sørsida og Nordsida, dessutan dei nyare bydelane Sørsileiret, Nordsileiret med Dampsagaområdet, Sannan, Guldbergaunet og bustadområda i og nær desse områda.

Plandokumentet skal gje ein oversikt over parkareala, kva type areal og standard og kva for vedlikehald som er naudsynt. Vidare må ein avklare krav til vedlikehald av parkmessige innslag i parkområda, i bustadområdar med offentlege grøntareal, i sentrumsnære friluftsområdar, idrettsanlegg og kulturhistoriske areal.

Viktige parkmessige element er store tre. I urbane situasjonar som i gater og byplassar er dei ofte dei einaste grøne elementa. Planen må innehalde oversikt over trekapitalen og helsetilstanden til trea.

Vidare skal planen legge opp til eit program og prioritering for fornying av parkareal i forfall og det same for nyetableringar.

Dei små parkmessige innslaga som urner, plantekasser, kunstinstallasjonar og gatemøblering skal ikkje gløymast.

I all hovudsak er det i sonen innan 8 – 10 km frå sentrum at det aller meste arbeidet blir gjort. Parkane i byen og friluftsområda kring sentrum krev det meste av innsatsen. Heile tida blir parkane og friluftsområda endra sånn at vedlikehaldsarbeidet kan reduserast. Ved å endre på blomebed, lauk-, staude-, busk- og treplantingar kan vedlikehaldsarbeidet reduserast vesentleg i mange tilfeller. Etter at Gammelheimsparken vart bygd etter meir moderne prinsipp, er vedlikehaldet kraftig forenkla.

Utafor sentrumsområdet er det og eit veksande krav om parkmessig innsats frå kommunen. Det er rettmessige krav, men ressurskrevjande. Ein del av tilsyn og vedlikehald blir gjort av lag og foreiningar. Frå Park si side blir det utført lite arbeid i distrikta.

**Med dagens arbeidsstokk maktar ikkje Park større engasjement i distrikta.** Dersom det er ønskeleg med større innsats i distrikta, må arbeidstokk og budsjett aukast eller at innsatsen i sentrum vert redusert.


I distrikta finn ein ofte ein høg konsentrasjon av maskinar og utstyr til å handtera gras, planter, jord og andre massar. Ved å organisera desse kreftene saman med eigeninnsats i distrikta, ville ein kunne få til mykje positiv parkinnsats. Det kunne samanliknast med den innsatsen t. d. det arbeidet velforeiningar og privatpersonar gjer i sentrumsnære områder med areal som ikkje har klar status, altså "gråsoner" som Park ikkje steller. Dette gjeld m.a. grasslått og krattfjerning. Kommunen sit med praktisk og teoretisk parkmessig kompetanse, og ved å utnytte det med ressursane i distrikta, ville ein kunne oppnå mykje. Det er starta ordning med eit slikt samarbeid gjennom stønadsordning til pynting i distrikta. Dette blir omtala seinare.

Steinkjer by har etter kvart vorte kjent for å ha fine grøntområder og parkar. Ved å senke kvaliteten på desse områda, vil ein vesentleg verdi for innbuarar og turistar bli redusert. Det vil ha mykje å seia for Steinkjer som arrangementsby og som ein aktuell by å etablere verksemd.

## ***TILSTAND OG UTVIKLING***

### **Parkstruktur.**

Stasjonsparken, Rådhusparken, Rismelen, Gammelheimsparken, Dampsagparken og Høgskuleparken er viktige parkar. Til saman dannar dei ikkje noko klar parksamanheng, men det er kanskje ikkje noko poeng. Det er tre prinsipielt forskjellige måtar å strukturere parkar på:




Struktur 1.

Fordele parkar så jamt som mogleg rundt i ein by.




### Struktur 2.

Parken eller parkane lagar eit belte av grønt kring bykjernen med dei nye bydelane kringom. Ofte har dette parkbeltet vore delar av eit forsvarsanlegg, bymur, vollgraver etc.



### Struktur 3.

Parken eller parkane utgjer grøne strengar mellom sentrum og friluftsområdar utom byen. Ofte er det langs vassdrag, åsar, strandliner at det er areal som kan nyttast til parkføremål. Det kan og vera terrengdrag som har egna seg lite til utbygging eller har vore vanskeleg kommunikasjonsmessig.



I Steinkjer lager parkane ein blanda situasjon.

Eggevammen, Ølvisheim, Nordsihaugen, området der den gamle mølla låg, Holmen og Rismelparken, Gammelheimsparken og vidare med Furuskogen og promenadane langs fjorden utgjer til saman ein parksamanheng som omkransar byen, medan dei grøne draga langs elva leier ut i friområda. Elles kan ein seie at parkane i byen ligg noko lunde jamt fordelte i sentrumsområdet.

Med denne situasjonen som utgangspunkt kunne ein god strategi vera å utvikle ringstrukturen, altså struktur 2. Det er lite ved bystrukturen elles som legg til rette for dette. Meir naturleg vil det vera å bygge vidare på å spreie nye parkar i bysonen, men det viktigaste vil

vera å utvikle det som finst av struktur 3, altså konsentrere seg om parkdraget langs elva. Ein må passe på at ved vidare utvikling av byen, må det ikkje gå ut over det som finst av parkdrag langs denne strengen, men heller sikte mot å gjera denne strengen enda betre som parkdrag.

## **Parkar.**

### Kart 1.

Jernbaneparken  
Rådhusparken  
Rismelen  
Gammelheimsparken

Dampsagaparken  
Rosenvinges plass  
Trekanten  
Hundtorget.  
Dyrehagen

Jernbaneparken og Rådhusparken ligg tett inntil kvarandre. Sjølv om Jernbaneparken har den trafikkerte Strandvegen langs den eine sida og Nordlandsbanen på hi, verkar parken som eit stille og roleg område. Parken vart etablert saman med bygginga av jarnbanen like etter hundreårsskiftet, 1905. Dei store trea gjev ei kjensle av stabilitet og ro, tempo og aktivitet er redusert til sakte gange, og ein set seg heller ned på ein benk framfor å gå over i springmarsj.

I samband med byjubileet vart parken nytta som kulisse i framføring av "As you like it", W. Shakespeare, omskreve til lokal språkversjon "Som di synes" av Hans-Magnus Ystgaard.

Leikeapparata lengst nord i parken er i strid med rokjenla, og kan av den grunn verke malplasserte.

Vidare nordover er det ein korridor med kommunal eigedom mellom parken og parkeringsplassen vis a vis Kunnskapsparken. Korridoren kan gje plass til ein sti om det skulle vera aktuelt.



*Det skeive treet i Jernbaneparken "oser" av ro og stabilitet sjølv om det heller kraftig.*

Rådhusparken derimot bør få ein anna oppgåve å fylle. Rådhusparken ligg midt i eit stort, bygningsmessig avgrensa byrom. Rådhuset mot aust, Stasjonen mot vest, O2-huset mot nord er tydelege avgrensingar. Med framtidig utbygging med Sparebanken og vidare utbygging av Skysstasjonen vil avgrensinga mot vest bli sterkare. Den vestre fløya av Meierigården set ei grense mot sør, sjølv om ho ikkje er like tydeleg som dei andre. Dette rommet kunne vore ein klassisk "rådhusplass", men er no så tilgrodd at parken er i ferd med å få preg av å vera ein avskjerma park.



Rismelen er ein park som innbyr til aktivitet. Gjennom parken sykklar folk til og frå Guldbergaunet, og her er det naturleg med leikeapparat, konsertar osv. Det er ei asfaltflate som kan nyttast til sykkelleik og rullebrett, og som om vinteren kan isleggast. Like ovafor Rismelen ligg Martenshagen som var den private hagen til den første rektoren ved Statens skogskule i Steinkjer, Nicolay Johan Martens. Det finst plandokument som viser korleis hagen var bygd, og det er ikkje så mange hagar av det slaget i Steinkjer.

Gammelheimsparken har ein offentlig del, den nedste og platået over som er ein del som høyrer til Aldersheimen. I den offentlege delen står ein statue av Otto Sverdrup. Parken var nedgrodd, men vart fornya i 2007 - 2008.




*Gammelheimsparken etter ombygginga 2007-2008.*

Dampsagaparken vart bygd i åra 1998-2000 og har utvikla seg fint og er i ferd med å vekse seg til. Parken var presentert i fagmagasinet "Park og anlegg" i 2005, med foto av fontenesteinen på framsida.

Planlagt utbygging av badet vil redusere denne parken betydeleg, men nærast elva vil den negative påverknaden ikkje vera stor.

Parken blir visuelt og funksjonsmessig delt av tilførselsveg mellom den delen som høyrer badet til og han som høyrer bustadblokka til. Nærast bustadblokka er det lagt opp til lek og aktivitetar.



Rosenvinges plass vart ferdig i 2007. Om lag halve plassen er bygd til parkeringsplass medan resten er laga som ein liten park. Parkdelen er på tre sider omkransa av ein mur der det i ei nisje er felt inn ei ugle som eit minne om den gamle kiosken, Uglakiosken, som ein gong sto der.

Trekanten ligg mellom Gamle Kongeveg og gamle E6-trasse sør for jarnbaneundergangen. Denne parken er i stor grad gløymd, men har potensiale til å bli eit verdifullt grønt område. Plassen må opnast og gjevast ein betre tilkomst. Det kan etablerast ein tilkomst frå sør som er universelt utforma, men det bør og opnast på midten og så langt nord som mogleg. På midten vil det ikkje vera naturleg å etablere rullestoltilkomst, medan i nord vil det kunne vera ei målsetting.

Hundtorget er nyleg ombygd, 2008 og står i dag fram som ein triveleg plass og noko anna enn eit gatekryss.

Dyrehagen er eit halvmåneforma areal omkransa av Nedre Ringveg og private hagar. Namnet har det etter ein periode der folk i byen gravla sine daude kjæledyr. Det har og vore gravlegging der tidlegare da det er registrert nokre gravhaugar. I dag er det eit grøntområde med svært forsiktige parkgrep, plenareal med nokre få tre. Dyrehagen blir i stor grad nytta som leikeareal. Dei som bur i området nyttar parken til sosiale samankomstar.

## ***Friområder.***

Paradisbukta  
Eggevammen  
Eggesmarka  
Nordsihaugen  
Nordsida elveosen  
Furuskogen  
Skjeftehaugen  
Sneppahaugen  
Raudåsen  
Offenåsen  
Ernsthaugen

Ein park kan ha stor verdi som friareal, samstundes som friareal med omfattande vedlikehald får ein tilnærma parkkarakter. Det er difor ingen klar grensegang mellom park og friareal. Delar av Paradisbukta har eit såpass omfattande vedlikehald og er lagt så mykje til rette som friareal at det står mest fram som park. Dette er berre eit teoretisk problem da vedlikehaldet skal gjerast av dei same personane over det same budsjettet.

Paradisbukta ligg tett inn til sentrum og om sommaren er arealet svært populært, først og fremst til bading og soltilbeding. Det er etablert parkeringsplass for opp mot 150 bilar, og våren 2001 var eit fint toalettbygg med stellerom for spedbarn ferdig til bruk. Toalettbygget har diverre vore utsett for ein del hærverk, men ein har stort sett kunne halda det ope samanhengande i sesongen. Stellerrommet fungerer ikkje på grunn av stadig hærverk. Ein må vurdere framtidig bruk av dette rommet. Området har benkar og bord, grillplassar og fine plenar egna til lek og ballspel. Paradisbukta er og utgangspunkt for turar utover Skåtangen.

I russetida er området nytta av russen. Det er i positivt, men gjev leie problem med knust glas. Det er vakse til kraftig granskog mellom køyrevegen og Paradisbukta. Granskogen er til hinder for utsyn for dei i bustadhusa som ligg lægst i Søndre Egge. For dei verkar nok skogen mørk og tung. I dei seinare åra har det vore felt noko av denne skogen nærast vegen, så no er den nok ikkje like



tyngande, men framleis har dei ikkje utsyn utover bukta. Sett frå friområdet er det veldig bra at den skogen har vokse seg såpass til. Han gjev opphaldet i Paradisbukta god skjerming mot vegen og bustadane nærast. I tillegg er han svært viktig for lokalklimaet ut mot fjorden. Skogen skjermar godt mot vind og kan ofte vera direkte avgjerande for om folk finn vèrtilhøva gode nok til å opphalde seg i bukta. Alt i alt fungerer Paradisbukta svært godt som ho gjer, men ho har potensiale til mykje meir.

Eggevammen og Eggesmarka er Egge museum sitt ansvarsområde, men blir nemnt her på grunn av at dei er viktige som friluftsområder i Steinkjer.

Eggevammen er med å avgrensar sentrum. Her kjem ein tett inn på Steinkjer si historie med gravhaugar, tuftene etter Egge og museet. Dessutan byr Eggevammen på fin utsikt utover byen, og området er lagt til rette med fine stiar, informasjonsskilt og benkar.

Det er grøderikt der, og det veks fort til med lauvvegetasjon. I dag er Vammen langt tettare vaksen til enn han var tidlegare.

Eggesmarka er eit lågtliggende skogområde med innslag av våtmark bekk, stiar, museale innslag og nyetablert salamanderdam.



Nordsihaugen er lokalt eit viktig leikeområde for ungar og gjer det mogleg å lufte seg under trekrone i eit område med referansar til natur.

Nordsida elveosen er eit lite areal som stien langs fjorden ytst på Nordsileiret. Der er det lagt til rette med avskjerma plass med bord, benkar og bålplass. Det er og lagt til rette med fiskeplass som er tilgjengeleg med rullestol.

Furuskogen er eit av det viktigaste elementa som definerer Steinkjer by. Det høyrest kanskje paradoksalt ut, men Furuskogen ligg så tett inntil sentrum, og i kraft av sin motsats til byggingar og gater, gjer han byen så tydeleg. Gjennom at Furuskogen dukkar opp i så mange vise- og revytekstar, er det tydeleg at han "ligg lagra i hugen" til Steinkjerfolk.

I skogen er det mange stiar som er oppstått etter bruk, og nokre av dei er forbetra gjennom tilføring av flis etc. Desse stiane blir nytta til turbruk, trimming og som snarvegar. Det er og plassert ut nokre treningsapparat.

Tid om annan blir det gjort tynning og rydding.

Skjeftehaugen er eit lite, men allsidig friluftsområde. Det er eit fint utsiktspunkt, det har bord og benkar og grillplass. Dessutan er det stiar som fører vidare til andre turområder, ned mot Fergeland og mot Raudåsen.

Snepahaugen er viktigast som kulturminneområde, men er attraktiv som friluftsområde og. Området er mykje nytta av skular og barnehagar. Området er attvakse, men det skal ikkje skogrydding til for at kulturminna kjem tydelegare fram. Det er planar om informasjonsskilt og om ein gapahuk på området.

Raudåsen er på sett og vis Offenåsen sin veslebror. Han kan nås frå fleire sider, ligg tett inn til sentrum og er eit fint utsiktspunkt. Åsen har skrinn jord, til dels berg i dagen og er dermed tynt tilvaks på toppen. Gjengroing er heller ikkje så stort eit problem.

Offenåsen er altså storebroren og vel det viktigaste friluftsområdet tett inn til sentrum, kanskje etter Paradisbukta. Det er ein rekkje velhaldne stiar innan området. Dei er til dels bratte og gjer at trimmarar kan presse hjarte- og lungekapasitet. På toppen er det ein framifrå utsikt, bord og benkar og grillplassar. Der er den gamle hytta til radiostasjonen i ferd med å restaurerast, og i framtida gjer ho sikkert til at Offenåsen vert eit enda viktigare turmål enn i dag.

Ernsthaugen er eit lite friområde i privat eie like ved Løe barneskole. Det er etablert ein natursti derifrå. Stien leier ned til sti/avlingsveg som fører opp langs Figga og andre vegen ned til Løesberga renseanlegg.

### ***Turstiar.***

Særleg viktige turstiar er stiane knytt til Eggevammen, Eggesmarka og Egge museum, langs Steinkjerelva, mot fjorden på Sørsia og Nordsia. I området Løe er det ein attraktiv turstig frå Ernsthaugen og langs vestsida av Figga. Trimstien på Guldbergaunet blir og mykje nytta som turveg. Frå Fergeland om Taraldsentrøa og vidare til Skjefte er det ein god turveg. Frå denne kan ein ta av til Offenåsen og Raudåsen. Offenåsen er nemnt som kanskje det viktigaste friluftsområdet tett ved bysentrum. Her er det eit svært godt utbygd stinett som har høg standard.

### ***Parkmessig areal langs offentlege vegar og i bustadområdar.***

Gjennom utbygging av nye vegar er det lagt til store areal som Park får ansvar for. Som døme kan ein nemne tunellinnslag ved ny E6, ved Fokusbygget, Sneppen og Figga. Dette er ofte areal som er svært fokuserte, og folk legg lett merke til om dei gror att. På ei anna side vil det og bli lagt godt merke til om det blir gjort særleg fine tiltak, til dømes som det er gjort med tulipanplanting ved Fokusbygget. Tulipanane der er langt på veg vorte eit symbol på byen.



*E6 Tunnelinnslag, Fokusbygget, Sneppen, Figga,*

### ***Overtaking av grøntareal.***

Ved overtaking av nye grøntareal, opplever Park ofte problem med at anlegga som blir tekne over ikkje held dei krava som kommunen ønskjer å stille. I det minste må Norsk Standard 3420 etterkommast. Mellom anna kan det ofte vera svært mykje rotugras i matjorda som er nytta. Undergangen mellom Bomvegen og Industrivegen på Nordsida vart levert over med planting i matjord gjennomvove med rotugras. Det vart gjort omfattande forsøk på å vinne over ugraset, men jorda var så infisert at Park måtte rett og slett gje opp. Truleg må alle plantene takast opp og heilt ny matjord tilførast før ein plantar på nytt.

Park, eventuelt planavdelingas landskapsarkitekt skal, der det er mulig, delta i planleggingsfasen av nye anlegg.

Norsk Standard skal følgjast. Om anlegga ikkje held krava, skal dei oppgraderast før kommunen tar over dei.

Park skal som regel kallast inn som deltakar på byggemøter.

Park skal vera med ved overtakingsforretningar.

## **Tre.**

Trea som står i kommunale parkar, gater og plassar representerer ein stor verdi også som pengeverdi. Trea som vart fjerna i samband med Amfi-utbygginga representerte millionbeløp. I planperioden for denne planen bør ein få laga eit treregister som dokumenterer pengeverdien av denne trekapitalen. Ein må få fram treslag, omtrentleg alder, tilstand, plassering og tal. Det vil vera til hjelp i erstatningsspørsmål og ved planlegging av vegetasjonsfornying.

Frå tid til annan er det utbyggingsprosjekt der sjølv innbitne treforsvararar av tre må innsjå at tre må fjernast. Er det fint vakse tre som ikkje er for store, vil det i mange høve vera relativt greitt å ta vare på dei. Slike tre vil snøgt kome opp i fleire titusnar kroner stykkje. Ved å etablere ein trebank, kan ein ta vare på slike tre til seinare bruk og slik få ein godt utvekse park berre etter nokre få år der det elles ville ta fleire tiår. Ein kan og reservera areal til å ale fram tre som ein får kjøpt billig eller som blir til overs i nye anlegg.

## **Urner, plantekassar, kunstinstallasjonar, benkar og møblering elles.**

40 trykkimpr. Kasser 60x60  
10 trykkimpr. Kasser 60x100  
12 urner betong  
6 kasser betong 100x100  
2 stålkasser 100x100  
32 stålkasser 30x200  
16 stålkasser 30x80

## **Engasjement i distriktet.**

I 2008 fikk 13 lag og foreiningar tilskot til benkar og bord, grus til uteareal, infotavle, leikeutstyr bygging av amfi og til fagleg bistand.

Laga som fekk tilskot var:

- FAU Mære skole
- Bartnes grendelag
- Ogndal bygdekvinnelag
- Lysheim grendehus
- Følling grendehus
- FAU Røysing skole
- Søndre Egge vel
- Skauna ungdomshus
- Bygdasentralen i Beitstad
- Veldemelen/Beitstad grendehus
- Stod samfunnshus
- Sparbu IL
- "Kvamssokninger"

I 2009 gjorde Hovedutvalg for teknisk, miljø og naturforvaltning vedtak om å gje tilskott på 160 000 kr til 9 lag og foreiningar rundt i distrikta. Føremålet var å gje inspirasjon til å gjera ein dugnadsinnsats for å betre uteareal i nærområdet sitt. Kommunen bidrog med tulipanlauk, benkar, og fagleg bistand frå gartner og landskapsarkitekt.

Laga som fekk tilskot var:

- Diverse lag i Kvam
- Sørsibakken velforening
- Foreningen Solhaugen
- FAU Røysing skole

Følling IL  
Røysing barnehage  
Vålen barnehage  
Lysheim grendahus  
Sørvendt velforening

I 2010 fekk desse tilsot:

Stod Samfunnshus  
Foreningen Solhaug  
Vålen FAU og Kameratklubben  
Beitstad Bygdasentral/Frivilligsentral  
Bartnes Grendelag  
Komiteen for sansehage ved Stod eldresenter  
Skauna Ungdomshus  
FAU Røysing skole  
Kvam Grendehus  
Ogndal Bygdekvinnelag  
Rygg bygdasentral

Det må gjerast ei evaluering av denne satsinga. Er resultatane gode, bør ein vurdere å auke rama.

### **Miljøtiltak**

Park arbeider målretta rent miljømessig.

Det vert nytta m.a. ingen form for giftstoff i kampen mot ugras, sopp og insekt i parksamanheng. Dette inneber noko meirarbeid og nytenking.

**Ugras vert** bekjempa mekanisk og brent med propan der det er mogleg.

Ein prøver å rehabiliterer eksisterande anlegg med tanke på å avgrense arbeidet med ugras.

Gammelheimsparken vart renovert i 2007/2008 og her har arbeidet med ugras vorte redusert til en fjerdedel.

### **Insekt**

I sentrum er det plassert ut omlag 80 fuglekasser. Eit blåmeispar treng 300.000 insekt for å fø opp et ungekull til flygeferdig alder. Blåmeis, kjøttmeis og Svart-kvit flugesnappar har gjerne to kull kvar pr. sesong. Fuglane betaler husleiga ved å gjera ein formidabel jobb for Park utover tidlegssommaren. Skular, barnehagar og folk flest følger gjerne utviklinga i desse fuglekassane utover tidlegssommaren.

### **Sopp**

Kraftig beskjæring av buskar som er utsette for soppangrep er eit av verkemidla.

Bruk av singel og stein som dekkmateriale er eit anna tiltak som avgrensar soppangrep.

### **Kamp mot uønska planteartar.**

I eit samarbeid med Enhet for landbruk og med Fylkesmannens miljøvernnavdeling deltek Park i kampen mot uønska artar.

### **Flishugging**

Ved beskjæring og rydding av kratt vert greiner og kvist som regel flishugne umiddelbart og lagt som dekke i bed og på turstigar der dette er tenleg. Det reduserer transport til Tranamarka med fleire hundre turar i løpet av ein sesong.

### **Kunstgrasbane Guldbergaunet**

Kunstgrasbanen er oppvarma med gass, olje og elektrisitet levert frå Steinkjerhallen.

I sesongen 2006 var forbruket i januar, februar og mars på 835.000 kwt.

Med hjelp av salting og betre styring av varme er forbruket redusert til om lag 400.000 kwt. i 2010.

### **Frukt/bær**

Dei siste åra er det planta mange tre og buskar som produserer frukt og bær.

Pr. i dag er det om lag 3000 buskar og eit par hundre tre som vert beita av trost, sidensvans m.m. Desse gjer sentrum rikare haust og vinter gjennom sitt opphald i kommunale tre og buskar.

### **El-bil.**

Park har ein stor transport av mannskap og utstyr i sentrum.

Målsettinga er å kjøpa/leige/lease el-bil til noko av transporten med det første.

På sikt kan truleg all persontransport og frakt av mindre utstyr skje med el-bil.

Betre batterikapasitet og snøggare lading gjer det enklare å velja el-bil allereie i 2011.

### **Griller og bål plassar**

Det har vore ein del øydelegging av fjell både på Hoøya og Kalvøya ved uvettig bålfyring. Park har plassert ut 4 nye stålgriker. Desse er store og fungerer som fellesgrill for m.a. skuleklassar.

Det er i tillegg laga fleire sentrale bål plassar.

Ein merker ein tydelig redusert bruk av eingongsgriker og fyring på fjell etter dei nye tiltaka.

Grillane ser dessutan ut til å fungere som sosiale møteplassar.

Framleis trengs fleire nye bål plassar og større griker.

Målsettinga må vera å få redusert bruken av eingongsgriker og fyring på fjell til et minimum innan eit par år.

### **Innkomne forslag.**

I samarbeid med Steinkjer-Avisa i januar 2010, gjekk Park ut og ba publikum om innspel til det arbeidet med parkplan. Responsen var svært god.

Det kom inn kring 20 skriftlege forslag og ei rad innspel over telefon.

Det var alt frå enkle tiltak som å setje ut benkar til meir omfattande planar med detaljerte teikningar.

Forslag som krev små økonomiske og praktiske konsekvensar, er tatt til følge i stor grad og er gjennomførte med hell.

Andre forslag treng grundigare vurdering, men vil bli sett nærare på etter kvart.

Frå hundeeigarar i Steinkjer er det ytra eit klart ønske om ein hundepark. Eit inngjerda område der hundar kan springe fritt og strekke på beina. Eit område for sosialisering av hundane og for lydnamstrening m.m. Eit to dekar stort areal på Nordsileiret kan nyttast til dette, og Park vil forsøke å realisere ein slik park i 2011.

Med dugnadsinnsats frå hundemiljøet og praktisk/teknisk hjelp frå Park skulle dette være mogleg.

Dei skriftlege forslaga som kom inn:

Steinkjer kirke fortener eit vakrare og gladare tun - Elsa Valøen

Fornyng i Rismelen og i Martenshagen - Gunn Thoresen Bartnes

Uteareal Fergeland bofellesskap - Nina Jahr

Grøntområder - dam på Nordsileiret - Steinar Moe

Bruk av friområder - hundepark - Saskia Heringa Tønne

Et bedre sentrum for barna - lekeplasser - Marit Mikalsen og Bjørn E. Diesen

Friområder - Paradisbukta - Knut Ystad

Torget - Ida Ness

Rydde/tyrns skog - Vammen - Jørund og bror Saursaunet

Innspel til parkplan - Kjell Røstad (Idéskisse for torget)

Penere by - Furuskogen - Erling Årdal

Forbedring av torget - Inger M. Hansen  
Penere by - Arne Eggen ( Idear til Lønseths plass)  
Innspel til parkplan - Per Steinar Gravås (Idear til Paradisbukta)  
Tursti – Lars Magnus Billdal

## **Mannskap Park, idrett og friluftsliv pr.01.09.10.**

### **Guldbergaunet idrettspark.**

1 100% stilling arbeidsleiar  
1 60% stilling fagarbeidar  
1 sommarvikar (sesong)

### **Park**

1 100% stilling arbeidsleiar  
2 100% stillingar gartnar  
1 100% stilling bygartnar  
6 - 10 sommar-/ferievikarar (sesong)

### **Maskiner og utstyr.**

Ved utgangen av 2009 er status slik:

#### **Guldbergaunet idrettspark:**

John Deere 4720. Traktor 2008 mod.  
Honda grasklippar HRH 536 2008 mod.  
Honda jordfres 2007 mod.  
Toro klipper, rider 1993 mod.

#### **Park:**

Wille hjullaster 2007 mod.  
Stiga grasklippar rider 2009 mod.  
John Deere grasklippar rider, 2002 mod.  
Iseki grasklippar rider, 1996 mod(utsliten).  
Arbeidsbil Volkswagen 2001 mod.  
Ymse småklipperar.

## **Oppgåver.**

### ***Plenareal***

Inndeling i fire klasser

- A klipping 1-3 gongar pr. uke. Gjødsling 2-4 gongar i sesongen. Fullgjødning, nitrogengjødning. Oppsamling av gras(periodevis).  
Alle parker inkl. Guldbergaunet idrettspark - Ca. 80000 m2  
Inntil 20 veker pr. sesong.
- B) klipping kvar 14. dag. Gjødsling ein gang m. fullgjødning.  
Paradisbukta, Strandvegen, Holmen ymse småfelt - Ca. 5000m2

- C) klipping/slåing (grastrimmar) ein gang pr. mnd. Ingen gjødsling  
Hoøya, Kalvøya, Nordsipromenaden, ymse skråningar - Ca. 7000m<sup>2</sup>
- D) Slåing ein gang pr. sesong.  
Diverse sentrumsnære skråningar, gangstiar - Ca. 3000 m<sup>2</sup>

### ***Buskareal/stauder***

Inndeling i to klasser

1) Parkmessig behandling. Gjødsling, ugrasarbeid, insektbekjemping, fornying, tynning, beskjæring, reinsking, kniping m.m. Vekevis tilsyn.

2) Periodevis behandling. Beskjæring, fornying, tynning. Månadleg tilsyn.

### ***Gjengroing***

Varmare klima frigjer meir næringsstoff og forlenger vekstsesongen. Dette fører til ein sterk gjengroing i Steinkjer som andre stader.

Vegar og stiar gror att, ein misser utsikt, og det kan oppstå farlige trafikksituasjonar i friområda inntil vegar.

Park har aukande pågang frå folk som klagar på dette. Gjengroing i kommunale areal aukar sterkt, og i dag utgjer krattfjerning ein vesentleg del av det daglege arbeidet for Park.

Faktisk maktar ikkje Park å utføre tilstrekkeleg arbeid på dette feltet. Det fins store ressursar innan skog/kratt-rydding i distrikta, og det er difor inngått avtalar med velforeiningar, burettslag og privatpersonar om rydding av kratt og skog. Park kjem gjerne på synfaring og gjev råd om nivå og kvalitet på rydding. I tillegg kan ofte Park bistå med flishugging av kvist. Veden tilfell normalt den som utfører arbeidet for kommunen.

Velforeiningar o.l. gjer av eigen interesse eit vesentleg arbeid, men dette arbeidet saman med Park's eige, blir likevel lite i høve til vekstauken.

Langs kommunale vegar er det og enorm tilvekst og Park maktar ikkje å oppgåva pr. idag.

Forslag til løysing:

- 1) Oppretting av eit team for rydding av kratt/skog på kommunal grunn.  
Teamet bør ha av 2 arbeidsleiarar (nye stillingar).  
Det må utviklast eit samarbeid med NAV, flyktingteneste og asylmottak, der målsettinga er å skaffe tilstrekkeleg arbeidskraft til dette arbeidet samt å gje eit godt og fornuftig tilbod om arbeid til nye grupper arbeidstakarar.  
Teamet skal samarbeide med Park om prioritering og kvalitet.
- 2) Det må lagast kontraktar/avtalar med gardbrukarar i distrikta på line med brøytekontraktar for rydding langs kommunale vegar.

### ***Søppelhandtering***

#### **Hoøya/Kalvøya**

Sør-Beitstad Idrettslag har ansvar for vask og reinhald ved toaletta samt søppelhandtering. Arbeidet vert utført i perioden 17/5- 15/8 og blir betalt for sesongen 2010 med kr. 25.000. Park gjer dette arbeidet resten av året med 1-2 turar kvar veke, 1-2 timar kvar tur.

#### **Paradisbukta**

Dagleg reinhald og søppelhandtering i den travlaste sesongen (avhengig av veret), også helger.

### **Borgenfjorden**

Velforening utfører reinhald/vedlikehald for kr. 11.000 i sesongen 2010.

### **Leksdalsvatnet**

Privatperson utfører vask/reinhald for kr. 5.000 i sesongen 2010

### **Sentrum**

Omlag 100 søppeldunkar vert tømte to gongar i veka i sommarhalvåret, ein gong i veka resten av året. Søppel i parkane blir plukka samstundes. Gjennomsnittleg arbeid: 2 personar a 4 timar pr. runde.

I tillegg reinskast sentrum etter vinteren kvar vår, om lag ei veker arbeid.

Store arrangement som Martna, Steinkjerfestival og liknande fører alltid til eit omfattande etterarbeid med rydding, plukking og vasking i sentrum.

## ***Universell utforming***

Ingen skal diskriminerast i vårt samfunn. Det vil seie at også dei som har ein eller annan funksjonshemming skal ha like rettar til å ferdast overalt der dei som ikkje har den hemminga, kan ferdast. Når det gjeld parkar, vil ein kunne oppnå dette. I friluftsområdar vil det vera områder som ikkje kan nås av absolutt alle. Det som må vera ei rimeleg målsetting, er at det skal søkast løysingar også for tilkomst og bruk av alle typar friluftssareal for personar med ulike hemmingar. Det er etablert fiskeplassar både ved ferskvatn, elv og ved sjøen som skal vera tilgjengelege med rullestol.


Eit døme på dette er ute ved utløpet av Steinkjerelva der det i samband med plastring av elveutløpet vart laga ein plass for fiske frå rullestol. Like ved er det laga ein kvileplass, men her vart det gløymt å tenkje på rullestoltilkomst. Dette er eit døme på kor lett det er å gløyme dette kravet, men som i dette tilfellet, er enkelt å rette opp.



*Kvileplassen nybygt.*



## **Budsjett.**



Det er berre frå idrettsanlegg det er inntekter, og dei varierer frå til år. Inntektene på Guldbergaunet gjeikk ned både i 2008 og 2009.

*Netto driftsresultat i kroner.*

## **Næringslivets bidrag i parksamheng.**

Pr. i dag bidreg næringslivet i Steinkjer ikkje med noko økonomisk stønad i parksamheng. I Levanger derimot er deira bidreg viktig. Store prosjekt i Levanger sentrum har ein fått realisert gjennom slik økonomisk stønad.

Sjøparken, som sto ferdig juni 2010 til en prislapp på 7 millionar kroner, er i stor grad finansiert av midlar frå næringslivet.

Med økonomisk bistand frå byens næringsliv kunne ein bl.a. gjennomført prosjekt som ligg og ventar. Dessutan ville det vore naturleg å tenkje større, sprekare og breiare i parksamheng. Mange og spennande områder både i sentrum og i distrikta ventar på å bli utvikla til glede for bufaste og tilreisande.

Eit slikt prosjekt kan til dømes vera å få etablert ein labyrint i det grønne arealet ved Prikken I løpet av 2011 vil Park invitere til eit møte der representantar frå næringslivet skal få svare på om det finst vilje til å delta i eit samarbeid om heving av parknivået i Steinkjer og om korleis det eventuelt kan gjerast.

## **Arbeid for andre**

Park utfører i liten grad arbeid for andre.

**Skular og barnehagar sentralt i Steinkjer** kan i enkelte tilfeller på førespurnad få utført mindre arbeider med mannskap/maskiner frå Park. Det kan vera masseflytting, trefelling, beskjæring, grasklipping. Slikt arbeid vert fakturert etter avtale.

### **Rådhuset**

Ved hovudinngangen til Rådhuset, på eit areal på knappe 40 kvm, gjer Park eit vedlikehaldsarbeid kvart år. Det er planting av sommarblomar, lauksetting, luking og vatning, og noko beskjæring annakvart år. Alt dette er rekningsarbeid.

## **NYETABLERINGAR**

### **Parkstruktur.**

På lang sikt vil det vera viktigast å ta vare på og utvikle parkstrengen langs elva. Her ligg det eit stort potensiale til å gjera Steinkjer til ein flott parkby. Alt i dag utgjer elvebreddene gjennom

byen nokre av dei finaste parkmessige stroka i byen. I dei siste åra er elvestrekninga frå Rismelen mot Guldbergaunet rusta opp med utbeta veg, sikringsgjerde og lyssetting. På hi sida var det nokre år tidlegare etablert sti og gangbru. Nedover mot bybrua er det parkmessig sett i stand, forbi Brugata er det dårleg, men i den nye reguleringsplanen for Nordsida er det lagt opp til å utvide arealet som gjer det mogleg å betre situasjonen. Vidare nedover er det gjennom reguleringsarbeid i samband med planar for hotell lagt vekt på å halde på det parkmessige draget langs elva.

Utbygginga av "Elvebredden" bustadblokker har ført til eit parkmessig løft langs denne delen av elvebreidda, Vidare har bygginga av Fylkets hus og Steinkjer sjukeheim utvida det parkaktige draget. Derifrå og utover til lykta ved utløpet av elva er det meir turstigkarakter. Her vart det i fjor etablert fiskeplass lagt til rette for rullestolbrukarar.

Langs den nedre strekninga av sørsida langs elva vil det vera vanskeleg å få etablert samanhengande parkdrag. Kryssinga av ny E6 er vanskeleg, og langs den nedre delen er det aktiv hamn. Dette er ein strekning ein parkmessig stort sett kan sjå bort frå.

Langs sørsida av elva er det fin og samanhengande grøntdrag ned til jarnbanelina.

Utbetringspotensialet av denne parkstrengen kan finnast på fleire punkter. For først å ta for seg sørsida kan ein starte med punktet forbi Carl Lønseths plass. Denne plassen er det konkret utbyggingsinteresse for. Ved utbygging av dette byggeprosjektet bør det takast omsyn til at dette er ein del av det viktigaste parkmessig samanhengande draget i byen.

Rismelparken har ei svært sentral lokalisering i byen og er eit uvurderleg parkinnslag. Likevel har dagens park stort utviklingspotensial. Dette er ein park som ligg skjerma frå andre delar av sentrum trass i at parken er så sentral. Her ligg det til rette for aktiv bruk på fleire måtar. Parken kan leggest betre til rette for å nytte han under martna'n og Steinkjerfestivalen. Det kan utviklast med fleire aktivitetar og leikeapparat. Parken kan og betrast med nye plantingar.

Langs nordsida forbi Brugata, inklusive parkeringsplassen kan ein ved å fylle noko ut i elva etablere ein meir tiltalende stig enn det er i dag. Vidare er det fint opp mot Mølletomta og Steinkjer Kiropraktorsenter AS. Forbi dette sentret kan samanhengen i dette grøntdraget betrast mykje. Ovafor Håkkådalsbrua er det turstig som fører vidare i undergang under jarnvegen og opp mot Byahalla.

Størst potensiale som bypark har Holmen. Holmen ligg midt i byen, svært fokusert, og er etter kvart meir og meir innbydande. Plassering av Kjerrakall'n av Schønborg/Sverrbo var med på å løfte Holmens status saman med NVE's plastring av elva og deltaking i prosjektet kring Kjerrakall'n. Neste utviklingstrinn av Holmen må bli å komplettere plastringa og lette den fysiske tilgangen til Holmen. Han vil da verte det sentrale elementet i parkstrengen langs elva.




*Draumen om vasspegel på nordsida av Holmen.*

## **Holmen**

er tenkt utvikla til ein aktiv del av bysentrum. Den nedre delen av Holmen, nedstrøms brua, skal bli ein bygd plass, medan oppstrøms skal Holmen berre pleiast. Oppstrøms vil det vera aktuelt å slå graset, nokre benkar og kanskje nokre lyspunkt. Det er og lansert ein ide med blomebed som er litt bygd opp i høve til eksisterande terrengnivå. Blomeinnslaget kunne til dømes vera i dei fargane Weidemann nytta mest på slutten av si tid. Øvst på Holmen bør han forsterkast med steinforbygging i plogform opp mot straumen. På nordsida må det sikrast tilgang med motorkøyrety for vedlikehald. Under brua er det tenkt å bygge ein terskel som skal halde på ei vassflate mellom Holmen og Nordsida. Terskelen vil kunne lage ein liten foss under nordre del av

brua. Like nedafor fossen er det planlagt ei gangbru frå Nordsida i forlenginga av steintrappa ned frå Brugata.



*Plan for Holmen*

Det er laga ferdig planar for dette. NVE har vore delaktig i planane, og arbeidet er tenkt utført våren 2011.

### ***Martenshagen***

Parken kan settast i stand etter ny plan eller ved å rekonstruere parken slik han var i Martens tid. Rydding av skog og kratt er stort sett gjennomført. Det må lagas ein byggeplan med kostnadsoverslag.

Målsetting:

- opne parken for ålmenn ferdsel.

Dette må truleg føre til endring/fjerning av nokre gjerder, justering av Barnas Hus' uteområde m.m.

Eit poeng er å presentere lerka(eit av landets 10 største tre), eit anna er å utnytte det flotte utsiktspunktet mot sentrum. Det må plasserast ut benkar og bord, og kanskje skal det etablerast fast grillplass. Nede i sentrum bør det lagas informasjonsplakat.

### ***Rådhusparken***

Parken bør opnast og bli ein visuelt samlande plass for heile byrommet. Funksjonelt er plassen delt av trafikkerte gater, men visuelt kan mykje gjerast. I dag har parken eit svært arbeidsamt vedlikehald. Mykje av buskvegetasjonen bør fjernast, hindringar for fri ferdsel på kryss og tvers bør reduserast, og rommet bør få eit meir urbant preg.

Det bør engasjerast ein landskapsarkitekt for å lage ein fullstendig ny plan. Dei trea som er vortne store, må inngå i den nye planen.

Stasjonsområdet står føre ei stor og omfattande ombygging. Det vil vera naturleg at Rådhusparken i større grad enn i dag blir sett på som ein del av byrommet mellom Rådhuset, stasjonsområdet og O2-bygget.

## ***Labyrint ved Prikken turistinfo.***

Ved Prikken er det eit grøntareal på om lag 2,5 dekar som ligg mellom infobygget og parkeringsplassane ved Amfi. Det er nokre tre der, men elles ikkje lagt til rette for noko. Dette arealet kan takast i bruk som areal for å etablere ein labyrint med hekkar. Arealet er vist på utsnittet av reguleringsplanen som P1.



Internasjonalt er dette med labyrintar eit fenomen som har synt seg å vekke stor interesse. I Noreg har vi ikkje mange døme, men det er for nokre år sidan restaurert ein vegetasjonslabyrint ved Gullskogen utafor Drammen. Det er også eit fåtal nye labyrintar, mellom anna av stein ved universitetet i Tromsø.

Å få etablert eit interessepunkt like ved turistinformasjonen, vil sannsynleg vera av positivt med tanke på turistar. Utvikling av ein labyrint her krev samarbeid med drift av turistinfoen.

Inne i labyrinten bør ein legge til rette for opplevingar, t.d. bør det inne i labyrinten byggjast opp punkter som det er interessant å nå, som t.d. "utsiktspunkt", vegetasjonstunnel, nokre benkar etc.

I 2011 kan ein slik labyrint gjerast. Eit grovt kostnadsestimat er på 250 000 kr. Sjølv bygginga kan skje i 2012. Fullt utvikla labyrint vil ta om lag 5 år med klipping og pleie av planter.

## ***Guldbergaunet***

Guldbergaunet vil vera eit av dei verkeleg store utviklingsområda i åra framover. Dei grøne areala er alt ein idrettspark, og utviklinga vidare må bygge på det.

Område nyttast og som friluftsområde og har eit potensial som kan utviklast vidare.

Idrettsføremål og friluftsliv har svært få innbygde konflikhtar, tvert i mot, det er fleire utfyllande føremoner.

Ein kan til dømes sjå for seg at det blir bygd ut ein bane til sandvolleyball som ligg open til ålmenn glede.

Det vart bygd rullebrettbane i 2010 der heller frå ombygginga av torget vart nytta.

Ein korgballbane er det og ønskje om å få bygd i same område. Det kan vera ei målsetting å få han bygd i 2011.



Ved større stevner eks. T-A-cup, Tine-stafett m.m. treng ein mange sitteplassar. Under sånne arrangement er mange av tilskodarane foreldre, ofte kan dei utgjera fleire hundre. Mellom skatebane, sandvolley- og korgballbane kan det difor settast opp ei stor sittegruppe for besøkande/brukarar av anlegga. Det

bør vera plass til minimum 30 personar (ei skuleklasse), ha tak og vera ha ein stor grill i nærleiken. (Barnehagen ved gml. E6 på Egge har et slikt bygg).

Kostnad 100-120 000. Overbygd sittegruppe foreslås bygd ved hjelp av midlar til Nærmiljø.

## Friluftsområder.

Aktuelle tiltak i Paradisbukta:

- Bygge baderamper på moloen.
- Treplattinger
- Grillplassar på berghyller.
- Sykkelveg frå aust

Eggevammen og Eggesmarka er Egge museum sitt ansvarsområde, men er viktige områder i Steinkjer sitt.

Nordsihaugen ingen aktuelle tiltak.

Nordsida elveosen er eit aktuelt areal for hundepark. Dette blir omtalt under punktet om innspel til parkplanen.

Skjeftehaugen, ingen konkrete nye tiltak.

Sneppahaugen, her skal det opp informasjonsskilt og gapahuk.

Raudåsen, ingen konkrete nye tiltak.

Offenåsen, her har det vore ein formidabel dugnadsinnsats på å sette i stand den gamle observasjonshytta. Samstundes er uteareala kring hytta sett i stand.

Ernsthaugen Ingen konkrete tiltak.

## Turstiar.

### Kart2

Etablere samanhengande turdrag rundt heile byen. Aktuell trasse er opp langs nordsida av Steinkjerelva frå Steinkjerbrua gjennom undergangen under Nordlandsbanen, opp forbi Statens vegvesen, og inn på Heggevegen. (Her kan tur opp på Byafjellet koplast til ved å gå opp ein sti gjennom bustadområdet, opp gjennom alpinbakken).



For å fortsette rundt byen kan ein følgje Heggevegen, inn på Åsvegen, om Ølvisheim og så følgje Vammen bortover og ned til tankane. Her kjem ein inn på gang/sykkelvegen frå Søndre Egge som fører nordover langs Bogavegen. Så kan ein ta av mot austsøraust langs strandlina til elveosen, vidare opplangs elva til starten eller ein kan gå over E6-brua og følgje gangveg langs E6 og følgje gangveg ned mot NTE. (Ein alternativ og interessant rute er å gå gjennom Sneppen.)

For å koma vidare må ein gå over nordlege del av NTE sin parkeringsplass ut til Molovegen. Her er det etablert gangvegssystem som passerer Jektbyen til utløpet av Figga. Opp langs utløpet av Figga er vegen svært mangelfull, men med nokre tiltak vil ein kome inn på gangveg frå Sørria. Denne delen av turvegen har vore ut på anbod i haust og skal vera ferdig til våren 2011.

Vidare må ein her følgje gangvegssystemet i rundkøyringane til FV759. Langs denne vegen kan ein følgje gang/sykkelveg drygt hundre meter før ein kan krysse over mot Kroghbakken og inn på stisystem opp sør for Sneppahaugen. (I dette området er det alternative ruter opp mot

Offenåsen.) Da kjem ein inn på øvre del av Infanterivegen som følgjes til Tranavegen. Ein kan så følgje Tranavegen vidare, krysse Skjeftevegen, følgje gangsti ned til Åsavegen, inn Ragnhildvegen til bratt sti ned til Nerlivegen som kan følgjast ned til Ogdalsvegen. Vidare kan ein gå ned Nedre Mølleveg, ta inn mot Guldbergaunet og svinge ned til turvegen langs elva på den eine eller den andre sida.

Denne traseen er alt i dag ganske god, men det er eit par punkt han er mangelfull. Desse punkta er det stort sett mogleg å gjera noko med.

Traseen på nordsida av elva har ein dårleg strekning forbi kiropraktorbygget på den gamle mølletomta og under Jernbanebrua og forbi Brygga. Løypetraseen på sørsida av elva er fin nordover frå torget, men sørover er han ikkje god. Ein må krysse den trafikkerte Strandvegen utan gangfelt, så er det ein fin trasé gjennom Sneppen, men vidare ned mot fjorden må ein under ny E6 og følgje gangveg i rundkøyringar i eit uoversiktleg trafikkområde før ein etter å ha passert parkeringsareal til NVE når gangvegssystemet mot Jektbyen. Ved utløpet av Figga er det ein strekning som skal byggast i 2010. Vegkryssa i Figgaområdet må passerast i kompliserte kryss, men så kjem ein inn på eit fint turvegssystem att.

## **Tre.**

Etablere tredatabase.

Innhald i basen og grunngjeving er omtala tidlegare. Arbeidet med den bør startas sommaren 2011 med målsetting om å ha basen klar i løpet av 2012.

## **Urner, plantekassar, benkar og møblering elles.**

På torget kan ein sjå for seg investeringar i plantekassar eller urner for å styre trafikk, men og rett og slett for å få inn meir farga blomar som dekorasjonselement, og det er rom for til dømes sitteplassar under lerretstak og liknande, flyttbare bodar.

Det er trong til møblering i Trekanten og generelt i byen ville det vore fint med fleire benkar.

## **Engasjement i distriktet.**

Inntil vidare vil det vera naturleg å halde fram med den praksisen som vart starta i 2008, med eit samarbeid med interesseorganisasjonar i distrikta. Stønadssummen på kr 160 000 bør aukast til kr 200 000 frå 20012, og reglar for korleis dei skal fordelast bør takast opp til diskusjon. Det er mogleg at delar av midlane bør ytast som minimumsbeløp.

Vidare kunne det vore ein ide å gå inn i eit samarbeid med HINT,

## **Mannskap, maskiner og utstyr.**

Park opplever i dag at mannskapssituasjonen ikkje er tilstrekkeleg for å kunne utføre dei oppgåvene ein har. I løpet av dei siste ti åra har det vore om lag 30-40 % auke i arealet ein skal vedlikehalde medan mannskapsstyrken ikkje er endra. I denne planperioden burde mannskapsstyrken vore auka med minimum to personar for å hente inn noko av det auka arbeidsomfanget. Maskinparken bør dermed aukast i tilsvarande omfang.

Pr. person krev utstyr som arbeidsmaskiner, kurs, verneutstyr og kler. Med lønsutgifter vil det til saman bety bortimot ein million pr. nye stilling første året.

**I avsnittet om gjengroing er det omtalt eit forslag til løysing av dette problemet. Forslaget vil krevje to nye stillingar som arbeidsleiarar og innkjøp av transportmidlar til desse og til personell frå m. a. NAV.**

Elles vil det bli naudsynt med utstyr/maskin til innsamling av kvist for frakt til mottak for forbrenning. Alternativt kan ein gå til innkjøp av ein stor flishuggar på hjul for flishogging og levering av flis til mottak.

Det må diskuterast om kor arbeidsleiarane skal bli tilsette, men det kan synast naturleg at dei blir lagde til Enhet eiendom. Grunngevinga for det er at det meste av arbeidet vil gå ut på å rydde i areal som ligg til denne eininga. Dette arbeidet bør gjerast i nært samarbeid med Park.

## ***MÅLSETJING.***

Utvikle mest mogleg av elvebreddene til eit samanhengande parkdrag.

Gjera Rismelparken til ein aktivitetspark.

Gjera Jernbaneparken til ein ro- og kontemplasjonspark.

Utvikle Rådhusparken til ein open park – parkmotsvar til Jernbaneparken.

Utvikle parkinnslag i alle offentlege rom.

Utvikle samarbeidet med friviljuge i grendesentra.

## ***PRIORITERINGAR***

### **Prioritering nyetableringar:**

<b>Prosjekt</b>	<b>Tidsrom</b>	<b>Kostnadsoverslag</b>
Holmen	2010/11	1 mill.
Rådhusparken	2011/2012	½ mill.
Grendesentra	2011-	Årleg 200 000
Labyrint ved Prikken	2011-2012	250 000
Martenshagen/Rismelen	2012/13	200 000
Guldbergaunet parkdelen takoverbygg	2011/12	200 000
Nye laukareal, blomeurner etc.	2011 -	
Torget, urner etc.	2012 - 13	110 000

Trykte vedlegg : *Kart 1 og kart2*

Ikkje trykte vedlegg : *Innkomne forslag finnes på Ephorte 10/779*